



DEN NORSKE KYRKJA  
DOVRE KYRKJELEGE RÅD

# Årsmelding 2017

## Innhald:

Rådsleiars refleksjonar	side 1
Mål	side 2
Organisasjon	side 4
Kyrkjeleg arbeid og aktivitetar	side 8
Kyrkjer og kyrkjegarder	side 19
Økonomi	side 21



*Maria, Jesu mor, møter Elisabeth (mor til døyparen Johannes)  
Fra altarbrunnen i Dovre kyrkje, laga av Borgny Farstad Svalastog*

## RÅDSLEIARS REFLEKSJONAR

Det er sesong for årsmeldinger og årsmøter. Fine glansa trykksaker med bilder og rapporter om arbeidsårets opp- og nedturer. Det manglar ikkje lesestoff nå. Årsmeldinger er nyttige, ut av dei kan vi analysere det har vi gjort og vurdere kost/nytte av innsatsen i organisasjonen.

Året 2017 er for kyrkja, godt å ha lagt inn i arkivet. Vi gjekk inn i det med store krav til innsparing og for å nå dei måla måtte det til ein hard hestekur. Beinhard for dei tilsette. Vi skar ned på alt frå kurs, aviser, antal møter, vedlikehald og utstyr.

Da eine kyrkjetenaren, Pål sa opp stillinga si valde kyrkjeleg råd å la den ligge vakant. Vi har hatt samtaler både av den gode og den tunge arten og mang ein gong har eg sendt bøner og fletta hender i håp om styrke og vett nok. Vi har nå ein stab som er i minste laget og sårbare om noko skulle inntreffe.

Kyrkja er eit gudshus, men det er òg eit kulturgegg og rame kring dei viktigaste hendinger i livet. Da ingenting bør svikte, da alt bør gå som forventa. Det krev fagfolk. Det krev folk med kjennskap til hus og utstyr, men vel så viktig folk som kjenner skikk og bruk her i bygda. Som veit kor vi ynskjer det, som kjenner oss i lynne og møter oss med respekt og omsorg. Det gjer staben vår.

Vi har dyktige fagfolk og dei skal vi gjere stas på. Det ser eg godt som er ofte innom kontoret, som deltek på stabsmøter og ser dei i arbeid. Høgt skolerte og profesjonelle.

Dombås kyrkje er nesten ferdig renoverert, det står att litt arbeid i koret. Og montering av nytt orgel. Det vil bli det store dette året. Nytt orgel og konsert er retteleg noko å sjå fram mot. Eit stort arbeid er lagt ned av kantor og orgelkomiteen. Tusen takk alle saman.

Og da er vi inne på frivillig arbeid. Og det er som dykk les i årsmeldinga særdeles stor. Takk til alle som stiller som kaffekokar, bakar, kyrkjevert eller vakt ved åpen kyrkje. Vi har ein stor rikdom i alle dykk dyktige og flotte frivillige som bruker fritid på kyrkje, kyrkjelydsarbeid og kyrkjegarder. Eg har òg eit engasjert kyrkjeleg råd å takke. Det er alltid godt førebudde og interesserte medlemmer på møtene eller folk eg kan ringe og drøfte spørsmål eg er i tvil om. Tenk at denne vesle bygda vår har så mange flotte og dyktige innbyggjarar.

Les årsmelding og rekneskap så der dykk kva for ein fenomenal jobb våre tilsette har gjort i lag med frivillige og rådet. Kanskje synes mange at vi har eit stort overskot. Ja det har vi, men det var òg plan. Vi har sett av til utstyr og vi synes det er klokt å ha eit fond å tære på i tøffare perioder.

Takk til kvar enkelt, dykk er gull verdt for kyrkjene i Dovre!

Med takksam helsing

Guri Ruste, leiar

## MÅL

### Visjon 2015-2018 (vedtatt av Kirkemøtet 2014)

#### *Meir himmel på jorda*

Den norske kyrkja - ei evangelisk-luthersk kyrkje.

Kirken vitner i ord og gjerning om frelse, frihet og håp i Jesus Kristus ved å være bekjennende, åpen, tjenende og misjonerende.

### Visjon for kyrkja i Dovre

#### *Ei kyrkje for alle - heilelivet.*

Kvalitet, involvering og tradisjon skal prege alt vi gjer.

### Mål for DKRs seks satsingsområde

#### 1. Informasjon

- \* Gjera kyrkja sin aktivitet synleg.

#### 2. Gudstenester og kyrkjelege handlinger

- \* Større oppslutning om gudstenestene.
- \* Styrke kyrkjelyden si deltaking i gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- \* Legge til rette for deltaking uavhengig av funksjonsevne.
- \* Større fokus på at vi er ein del av den verdsvide kyrkja.

#### 3. Barn og unge

- \* Barn og unge blir kjende (og fortrulege) med kyrkja, Bibelen og kristen tru gjennom gode trusopplæringstiltak.

#### 4. Diakoni

- \* Diakonen er ein samtalepart for barn og unge.
- \* Fleire skal bruke kyrkja og dei som kjem skal kjenne seg velkomne og heime.
- \* Dovre og Dombås sokn vil verne om skaparverket og bli grøne kyrkjelydar.
- \* Auka engasjement i kampen for rettferd.

#### 5. Kyrkjemusikk og kultur

- \* Syte for eit variert og fagleg solid kyrkjemusikalsk arbeid, som både skal integrere amatørar, friviljuge og profesjonelle frå musikklivet og andre kunst- og kulturområder.
- \* Fornye og formidle pilegrimstradisjonen til den lokal kyrkjelyden, pilegrimer og tilreisende. Større lokal deltaking.

#### 6. Kyrkjer og kyrkjegarder

- \* Funksjonelle bygg og anlegg som er i god stand og tilrettelagt for alle.
- \* Gje ferdafolk og kyrkjelyden tilbod om eit stille rom og ei god kulturoppleving, gjennom opne kyrkjer om sommeren og høgtidskveldane.

## Evaluering av mål og planer for 2017

Mål for 2017	Status
Gjennomføre langsiktige tiltak som sikrer økonomibalanse i samsvar med reduksjon av kommunalt driftstilskudd til kyrkja (kr 400.000 årleg frå 2018).	✓ Kommunalt driftstilskudd er redusert med kr 300.000. Vedtatt stillingsreduksjoner og innsparinger på andre områder.
Revidere kyrkjeplanen (plan for verksemda).	Utsatt. Arbeidet med økonomi og organisering har tatt veldig mykje tid og fokus.
Gjennomgang av trusopplæringsplanen.	
Arbeide med teamutvikling og stabsrutiner.	Utsatt. Dels pga. manglante tid og dels pga. ny prest som også studerer.
Utarbeide plan for verneverdige gravminne.	✓ Kartlegging og utvalg er gjennomført.
Prøve å skaffe finansiering av sikring av kyrkjene.	✓ Tiltaket er med i kommunens økonomiplan i 2018 og 2019.
Ordne ljostenningsstad i Dovre kyrkje.	Teikning og tilbud er drøfta.
Gjere ferdig renovering av Dombåskyrkja: Sette inn ny dør, isolere over inngangsdøra, måle veggar og tak på galleri, i våpenhus og prestesakristi og ordne golvet i koret.	✓ I hovedsak gjennomført. Evt. behandling av golv i koret står att.

## Mål for 2018

- Revidere kyrkjeplan, inkl. mål og planer for kyrkjemusikk, diakoni og trusopplæring.
- Ajourføre "Status og tiltaksplan for kyrkjelege bygg og anlegg".
- Arbeid med verneverdige gravminner: Informasjon, avtaler, kyrkjegardsvandring.
- Skaffe ljostenningstad i Dovre kyrkje.
- Starte planlegging av Eysteinkyrkja sitt 50-årsjubileum i 2019.
- Evaluere sokne- og rådstruktur.
- Revidere gravferdsheftet.
- Avklare behov og alternativ for minnelund ved Dombås kyrkje og Eysteinkyrkja.

## ORGANISASJON

Dombås sokneråd, Dovre sokneråd og Dovre kyrkjelege fellesråd er frå 1. januar 2005 eitt råd: Dovre kyrkjelege råd (DKR). Organiseringa er ei forsøksordning som er godkjent av Kultur- og kirkedepartementet fram til Kyrkjevalet i 2019. Rådet har det totale ansvaret for den lokale kyrkja, med unntak av det ansvaret som ligg til sokneprest og andre organ. Soknerådet har ansvar for det Kyrkjelova § 9 seier om sokneråd "ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet" - som er gudstenester, dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diaconi. Som fellesråd har DKR også ansvar for kyrkjebygg, kyrkjegardar, økonomi og dei tilsette.

### Dovre kyrkjelege råd

Frå Dombås sokn: Steinar Botheim, Stina Cecilie Storhaug-Løkken, Martin Berg, Anne Lise Raatrø Pettersen. Vararepresentanter: Randi Brennhaug, Anita Dybfest Frich, Reidun Marie Kveen, Irene Olsen Aavangen, Liv Kristin Rise.

Frå Dovre sokn: Guri Ruste, Sonja Rykhus, Helle Hundevadt, Hans Ingvald Hovde. Vararepresentanter: Tove Jenny Qvan, Steinar Ola Landheim, Gudrun Urstad Rudi, Aud Reidun Bøe Øien, Svein Rune Berg.

Soknepresten er fast medlem og prosten vara (utnevnt av biskopen).

Kommunal representant: Knut Nytun.

Leiar: Guri Ruste. Nestleiar: Steinar Botheim.

Dagleg leiar og sekretær for DKR: Kyrkjeverge Elin Marit Andgard.

### Møter og saker

Dovre kyrkjeleg råd har i 2017 hatt 5 møter og handsama 33 saker.

Største, vanskelegaste og mest tidskrevande saka dette året har vore økonomi og organisering, som følge av at det hausten-2016 kom varsel om at driftstilskuddet kunne bli redusert med 800.000 kr. Dette har vore tema på fleire rådsmøter og mange møter i arbeidsutvalget. I samband med økonomi har leiar og nestleiar hatt kontakt med ordførar, samt informert kommunestyret 22. mai. I kommunens vedtatte budsjett for 2018, er driftstilskuddet redusert med 300.000 kroner i forhold til 2016-nivå.

Saker utanom dei faste årlege sakene har vore liturgi for gudstenester og dåp, ljostenningstad i Dovre, forhold rundt gravfeste, høyringssvar (DNKs medlemsregister, valg av kyrkjelege organ, ny lov om trus- og livssynssamfunn).

Leiar og nestleiar har hatt eit leiarmøte, kontakt med ordførar og kommunepolitikarar og informasjon til kommunstyret.

Dialogmøte 16. november mellom Dovre kommune (ordførar, rådmann, kommunal representant) og DKR (rådsleiar, nestleiar, kyrkjeverge).

Rådsleiar har deltatt på drøftingsmøte og fleire stabsmøter.

## Utvalg og komitear

DKR har utvalg og komitear med vedteke mandat og ansvar.

### Oversikt over utvalg, antall møter og medlemmer

Arbeidsutvalg	8	Leiar, nestleiar, sokneprest og kommunal representant.
Forhandlingsutvalg	1	Steinar Botheim, Guri Ruste og Stina Cecilie Storhaug Løkken.
Utvalg for gudsteneste og trusopplæring		Helle Hundevadt, Steinar Botheim, Liv Elen Bjørverud Aas, sokneprest, organist og trusopplærar/diakon.
Diakoniutvalget	3	Synnøve Toven, Irene Olsen Aavangen, Tove Jenny Qvan og diakon.
Kyrkjeblad og informasjon		Guri Ruste, Anita Frich, sokneprest og kyrkjeverje.
Kyrkjemusikk og kultur	1	Helle Hundevadt, Martin Berg, Steinar Botheim, Mattis Sørum og organist.
Pilegrimskomite	5	Stina Cecilie Storhaug Løkken (leiar), Anne Lise Raatrø Pettersen, Hans Hovde, Monica Øvstdal, Monica Kjelman; Anne Jorunn Mjellekås, Solveig Anmarkrud og organist. Hans-Jacob Dahl representerer Pilegrimsenteret.
Sommerope kyrkjer		Randi Brennhaug, Martin Berg, Irene Olsen Aavangen, Aud Reidun Bøe Øien og sekretær. Dombås sokn: Randi Brennhaug, Liv Kristin Rise, Reidun Kveen og Irene Olsen Aavangen.
Arrangementskomite		Dovre sokn: Gudrun Urstad Rudi, Sonja Rykhus og Steinar Landheim.
Kyrkle- og kyrkjegardsutvalg	1	Steinar Landheim, Anita Frich, Martin Berg, kyrkjetenarar og kyrkjeverje.
Orgelkomite	6	Synnøve Toven (leiar), Per Thoresen, Steinar Botheim, Else Hole Ulekleiv og organist.

## Personale

DKR er arbeidsgjevar for dei kyrklege tilsette,  
5 fast tilsette i tilsaman 3,9 årsverk.

Kyrkjeverje	80 %	Elin Marit Andgard
Sekretær	50 %	Vidar Aas
Kantor	100 %	Jørgen Brandli
Kyrkjetenar	100 %	Ola Rindal
Kyrkjetenar	60 %	Pål Rindal
Trusopplærar	inntil 25 %	Delt av staben

Pål Rindal slutta 17.9 og stillinga er pr d.d. vakant.



*Vi takka av Pål 17.9  
da han sluttta*

## Vikarar:

Organist: Sigrid Sørungård Botheim.

Kyrkjetenar: Erik Magnus Andgard.

Guide ved sommerope Dombås kyrkje: Tuva Stavne Nyløkken og Ingvild Marie Andgard.

Inger Gravem, diakon i Lesja og Dovre, er tilsett av Lesja kyrkjelege råd. Hamar bispedømmeråd refunderer inntil 50 % av lønnsutgiftene.

Hamar Bispedømmeråd er arbeidsgjevar for sokneprest Daniel Johansson.

## **Helse, miljø og sikkerheit**

Det er godt arbeidsmiljø og samarbeid i staben. Sjukefraværet var 1,7 %. Andel kvinner i staben er 29 %. Det er god brannsikkerheit i kyrkjene. Det er ingen avvik etter branntilsyn, kontroll på elektriske anlegg og slukkeanlegg.

## **Representasjon, kurs og møter**

### Representasjon

- KAs landsråd i april: Guri Ruste representerte fellesråda i Hamar bispedømme.
- Årsmøte i Kirkens SOS på Moelv 10. mai: Inger Gravem.
- Prostidag i Skjåk 29. oktober med tema Lutter øre: Daniel Johansson, Inger Gravem og Irene Olsen Aavangen.

### Kurs

- Puls 9.-13. januar (Faglig påfyll og inspirasjon for kirkeansatte): Vidar.
- Arkivkurs v/KA for kontorpersonell i prostiet 6. februar: Vidar og Elin Marit.
- "Musikk og spiritualitet". Temadag om trusopplæring i regi av Sør-Gudbrandsdal prosti 30. mars: Inger, Daniel, Jørgen og Elin Marit.
- Årsmøte for Hamar kirkevergelag på Otta 3.- 4. april: Elin Marit.
- Biskopens tilsynsdag for diacones 8. juni og 26. oktober (tema integrering): Inger.
- Biskopens tilsynsdag for trusopplærarar 12. juni: Inger.
- Inspirasjonsdag med Søndagskolen 23. – 24. september: Inger (som frivillig).
- Trusopplæringskonferanse 17. oktober: Inger, Vidar og Daniel.
- Kurs "Møte med mennesker" 30. oktober -1. november i Trondheim og reformasjonsgudsteneste 31.10 i Nidarosdommen: Ola og Vidar.
- Landskonferanse for kyrkjeverger 13.-15. november: Elin Marit.
- Kurs om KUDs forslag til ny lov for tru- og livssynssamfunn for råd m.fl. i prostiet 23. november: Rådsmedlemmer og kyrkjeverge.
- Møte/kurs om ny truslov m.m. for Hamar bispedømme 28. november: Rådsleiar.

### Samarbeidsmøter

- Møte 2. februar om konfirmantleir i prostiet: Vidar, Inger og Elin Marit.
- Prostidag om trusopplæring for 14-18 år 28. september: Daniel, Inger, Vidar og Elin Marit.
- Fagmøter i prostiet med kollega, t.d. kyrkjevergemøter og forum for trusopplærare.
- Sokneprest deltek i månedlege prestesamlinger (konvent), arbeidsveiledning og temadager i regi av bispedømmerådet/biskopen.

## Informasjonsarbeid

- **Kyrkjeblad for Dovre** kom ut med fire nummer og sendt til alle husstandar i Dovre, utanbygdsbuande som tingar det, kyrkjekontor m.m. Kyrkjebladet kan også fungere som ei årsmelding over det som skjer i kyrkjelyden.
- **Heimeside for DKR:** Informasjon om aktiviteter og gudstenester som skjer, kontaktinformasjon, generell informasjon om kyrkjelyden, møteprotokoll for rådet.
- **Årsmelding 2016** distribuert til bibliotek, kommunestyret og på frammøtte på kyrkjelydsmøtet april.
- **Informasjon i kommunestyret** 22. mai ved leiar og nestleiar om kyrkja si verksemد og utfordringar som følge av varsla nedskjæring i driftstilskudd.
- **Rådets møteprotokoll** sendt til bibliotek, møteprotokollar går til kommunen, revisor og prost.
- **Facebook-side** med informasjon om det som skjer.
- **Plakater og annonser:** Om gudstenester og konserter.
- **Mediaoppslag:** Økonomisituasjonen, fasteaksjon, språkpraksis på kyrkjegarden, første likekjønna vigsel i prostiet, pilegrimsdager, konsert som gave, babysang.



Utgitt 21.5.17  
I PRAKSIS PÅ KIRKEGÅRDEN  
FRA EITREA TIL DOMBAS



## Feira i kyrkja med 200

Over 200 kom til den fine kyrkjesamlingen på Dovre laurdag som Astlaug (80) og Johannes T. Brusvikskien (89) spanderte på familiene sine gode musikkvenner i Nord-Gudbrandsdal.



## Babysang fenger

I hole host har det vært mulighet for å delta på babysang på Dovre folkebibliotek



merker at han liker godt at vi synget, forteller han.

MONICA HJELLE

monica@ggp.no

1199 712 17

## Nokre av årets mediaoppslag

## KYRKJELEG ARBEID OG AKTIVITETAR

### Gudstenester

	2017			2016			2015		
	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt
Gudstenester på søn- og helligdag	59	2884	49	57	2914	51	64	3312	52
Andre gudstenester	15	909	61	18	1579	88	13	1383	106
Sum gudstenester	74	3793	51	75	4493	60	77	4695	61
Messe m/nattverd	24	334	14	31	596	19	39	823	21
Andakt Fredheim	13	205	15	14	309	22	20		

- 5 gudstenester på Fredheim, 1 på Tollevshaugen, 1 på Hjellsetra og øvrige i kyrkjene.
- Andre gudstenester er skulegudstenester, aftensang, gudstenester på vekedager o.l.
- I tillegg til talla over, var det 3 kveldsbønner under Pilegrimsdager på Dovrefjell: Furuhaugli, Dovregubbens hall og Eysteinkyrkja.

### Reformasjonsmarkering



I 2017 markerte lutherske kyrkjer og andre kyrkjesamfunn over heile verda at det er 500 år sidan starten på reformasjonen. I Dovre var dette markert ved 4 Luther-tema på gudstenester og eit arrangement i lag med Lesja i oktober (sjå side 17).

Tema på gudstenester:

- |                                      |  |
|--------------------------------------|--|
| 27.8 Nåden alene                     | (Konfirmantjubileum og konfirmantpresentasjon) |
| 17.9 Skaperverket er ikkje til salgs | (Hausstakkefest)                               |
| 15.10 Frelsen er ikkje til salgs     |  |
| 19.11 Mennesket er ikkje til salgs   | (Ljosvaken)                                    |

### Liturgi

Prestar og organistar i prostiet har laga felles gudstenesteliturgi for prostiet. Dette forslaget er bearbeidd lokalt og presentert på kyrkjelydsmøte i april og deretter vedtatt av DKR. Det skal godkjennast av biskopen. Biskopen ynskjer å sjå på alle forslaga frå prostiet, men vi har høve til å bruke vårt forslag.

Dei viktigaste endringane er:

- Informasjon om gudstenesta og kunngjeringar mellom klokkeringing og bedeslag.
- Syndsvedkjening er flytta til forbønsdel etter preike.
- Nyte ny form av Herrens bøn som starter med "Vår Far i himmelen".

Kirkemøtet vedtok ein litt endra dåpsliturgi samt ein vigsel-liturgi som kan nyttast av både likekjønna og andre. Den "gamle" vigsel-liturgien for kvinne/mann kan nyttast som før.

## Kyrkjemusikk

Kantor Jørgen Brandli er musikalsk ansvarleg for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Han deltok på fleire trusopplæringstiltak og konfirmantsamlinger (m.a. temadag om kyrkjelege handlingar), har sangstunder med barnehage og øving med skuleklasser før gudstenester.

### Solistar og kor ved gudstenester

Palmesøndag i Eysteinkyrkjå	Martin Berg
Påskedagen i Dovre kyrkje	Ingeborg Dalheim og Martin Berg
Konfirmasjon 27.5 i Dovre kyrkje	Arne Bakken
Konfirmasjon 4.6 i Dombås kyrkje	Arne Bakken
Folkemusikkmesse 11.6 i Dovre kyrkje	DDS, Spelemannslaget og Folkedanslaget
Setermesse 10.7 på Tollevshaugen	Dovre spelmannslag
Pilegrimsmesse 16.7 i Eysteinkyrkjå	Ingeborg Dalheim
Dåp 3.9 i Dombås kyrkje	Arne Bakken
Gospelmesse 22. 10	Rondane Gospelkor m/Vidar Hoel
Helgemesse 5.11 i Dombås og Dovre	DDS
Kyrkjeparade HV 18.12 i Dombås kyrkje	Synne Vorkinn og Martin Berg
Julekvelden i Dombås kyrkje	Ingeborg Dalheim
Juledagen i Dovre kyrkje	Ingeborg Dalheim og Martin Berg
Nyttårskvelden i Dovre kyrkje	Ingrid Økland



Dovre spelmannslag



Dovre dansarlag

Hjertereg takk til alle solistar og musikarar!

## Kyrkjelege handlingar

	2017			2016			2015		
	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt	antall	personar	snitt
Dåp	18			23			19		
Konfirmasjon	15			35			33		
Vigslar	3	185	62	4	217	54	9	433	48
Gravferder	26	2567	106	37	4138	112	30	3330	111

- Av 18 døypte har 15 bustadadresse i kommunen. 5 dovrebarn er døypt i andre sokn. Av 17 fødde barn der minst ein av foreldra er medlem, er 16 døypt. I talla ligg også tre konfirmantar som døypte seg i konfirmanttida.
- 15 konfirmanter, 7 i Dombås kyrkje og 8 i Dovre kyrkje, av desse ein utanbygds i Dombås. Av 17 medlemmar/tilhøyrande valgte 14 kyrkja sin konfirmasjon, 82 % oppslutning.
- 2 vigslar og ein forbørnshandling. 1 brudepar busatt i Dovre, 1 par der både er oppvokse i Dovre og 1 utanbygdsbuande par. Som dei fleste vel har fått med seg i media, hadde Dovre den første likekjønna vigsel i prostiet.
- 26 gravferdsseremoniar: 12 i Dombås kyrkje, 13 i Dovre kyrkje og 1 i Fredheim kapell. To utanbygdsbuande med seremoni og gravlegging. Kistegravlegging er fortsatt mest vanleg i Dovre, berre ein urnenedsetting. For tre personer busatt i Dovre, var det seremoni utanfor vårt område.

## Trusopplæring - barn og unge

Dovre kyrkjelege råd kom frå 2010 med på den nasjonale satsinga og fekk øyremerka trusopplæringsmidler. Biskopen har godkjent vår trusopplæringsplan. Kyrkjelyden skal tilby om lag 320 timer trusopplæring i perioden 0-18 år. Kyrkerådet har fastsett at konfirmanttida skal utgjere minimum 60 timer.

Nedanfor er ein presentasjon av trusopplæringsarrangement i 2017 med informasjon om opplegget, antall deltakarar og oppslutning i % i parentes. Oppslutning vert rekna ut frå antall døypte i aldersgruppa. Nokre arrangement har høg oppslutning, andre lågare. Rådgjevar i trusopplæring i bispedømmet rosar Dovre og Lesja for det vi får til og at deltagkinga på mange av tiltaka er god i høve til nasjonale tall.

Arrangement har forhandsomtale i kyrkjebladet. Invitasjon vert sendt alle døypte og tilhøyrande (tilhøyrande er når barnet ikkje er døypt og minst ein av foreldra er medlem). Vi ynskjer alle barn velkomne til våre arrangement.

- **Dåpssamtale**
  - Samtale med foreldre til 20 dåpsbarn (dei som bur i soknet). Antall døypte av målgruppa er 95 %.
- **Dåpsljos delt ut til alle dåpsbarn**
  - Ved utdelinga seier presten: Jesus seier "Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys." Må dette ljuset skine for (barnets navn). Dåpsljoset kan m.a. brukast til å markere dåpsdagen seinare.

- **Babysang**

- 7 samlingar i hausthalvåret på biblioteket. 13 barn med foresatte (62 %).



- **Kirkerottene**

- Filmkveld for 3-6 åringer i auditoriet på ungdomsskulen.
- Ikke gjennomført.

- **Mi kyrkjebok**

- Mi kyrkjebok med arbeidsbok utdelt til firåringane 1. s. i advent 27. november.
- 8 barn (80%) i Dombås og 4 barn (100%) i Dovre kom og fekk boka.



Åtte fireåringar i Dombås



Tre firåringar og konfirmantar i Dovre

- **Sprell-levande gudsteneste** på Fastelavnsøndag 7. februar med tema Noahs ark.

Mange barn var utkledde og/eller ansiktsmala og deltok under dramatisering av Noahs ark. Karneval og kyrkjekaffe på Klukkarhaugen etterpå. Registrert 7 barn (35 %).



Noah bygger båt med god hjelp



Karneval og kyrkjekaffe

- **"Fra jord til bord"**

- Eit opplegg for 6- og 7-åringar med gudsteneste på skaperverkets dag 8. mai, samling om hausten og hausttakkefest 18. september. Tema: Skaperverket, samanheng jord-bord, mattradisjon, takksemd for maten.
- Deltakarar på skaperverkets dag/haustopplegget: 1 (5 %) / 12 barn (63%) i Dombås og 7 (29 %) / 4 (17 %) i Dovre.



Såing på Dombås



Potetopptaking på Dovre




Velling, beta med poteter og kålrot smaker godt!



- **Skulestartmarkering og 10-års dåpsjubileum**

- Dei som starter på skulen blir invitert saman med sine skulefadrar som går på 5. trinn og er 10 år. Ei samling i forkant av gudstenesta 28. august. Tema: fadder, dåp og å være ein ven.
- Skolestart: 0 i Dombås og 3 (27 %) i Dovre.
- Dåpsjubilanter 2 (18 %) i Dombås og 2 (22 %) i Dovre.



Tema: Å vere ein ven



## • **Tårnagent**

- 9- og 10-åringar får hemmeleg invitasjon til å være tårnagent, og løyser oppdrag og mysterium. Fellesamling i Dombås som avsluttar med gudsteneste 21. februar.
- 3 agenter (16 %) frå Dombås og 2 agenter (13 %) frå Dovre.



*Tårnagenter løyer mysterier og oppdrag*

## • **"Ljosvaken"**

- Ljosvaken handlar om å være vaken for seg sjølv, for andre og for Gud. Oppgåver som utfordrar alle sansane og samarbeid. Dramatisering av bibelhistorie og sang høyrer også til. Overnatting i kyrkja er spennande og ikkje alle sør like mykje.
- Ikkje gjennomført, ingen påmeldte.

## • **Konfirmantåret**

- 6 konfirmantar i Dombås sokn (75 %). 8 konfirmantar i Dovre sokn (100 %).

### Felles med Lesja, Sel og Nord-Fron

- Konfirmantleir i 5 dager 26. - 30. juni på Nordfjord folkehøgskule i Vereide med samhandling, båt, pilegrimsvandring, bibeltimer, gudstenester, leirkveld m.m.



*Båt*



*Samling i Vereide kyrkje*



*Pilegrimsvandring*

- Konfirmantsamling på Otta med tema diakoni og gjensyn med 150 leirvenner.



*Korleis fordele 60 liter vatn for alle daglege behov...*



### Samlingar saman med Lesja

- Etikk på HV-skulen.
- Temadag om kyrkjelege handlingar på Lesja. I 2017 var det samlinger både vår og haust for to ulike kull.



### Lokalt for Dombås og Dovre:

- Perspektivtur i nærområdet som oppstart om hausten.
- Samlingar med ulike tema, m.a. Handelspelet om rettferd, kyrkjegardsvandring.
- Besøk på Fredheim med tema «Ung møter gammel».
- Er med på ljosmesse (advent), kyndelsmesse og misjonsbasar i februar.
- Deltek i Kirkens Nödhjelp sin fasteaksjon.



*Perspektivtur 14.9 til Fokstugu og Guds Huset*

#### • **Reunion etter konfirmasjonen**

- Samling for alle vårens konfirmanter i prestegarden 18. september med grilling, leik og prat. Og informasjon og invitasjon til leiaropplegg.
- Ingen møtte opp.

#### • **Ungdom 15+, felles i prostiet**

Dette er viktige møtestadar for ungdommane,- eit kristent rusfritt tilbod og dei blir kjent med ungdommar frå andre stader som dei møter på vidaregåande skule.

- Førjulskveld på Otta 14. desember. 3 deltok frå Dovre deltok.
- Leiartrening før og under konfirmantleiren. 5 Dovreungdommer deltok som ungdomsleiari på konfirmantleiren. Dei var med på ei samling i juni og leiardøgn før leirstart. Ungdommane er gruppeleiari på leiren og viktige forbilder for konfirmantane. Det var god stemning og samhald undervegs, og kontakt både fysisk og på Facebook etterpå.

- USB (ungdomssamling på Dombås) andre helga i mars med aktiviteter, samlingar, midnattsmesse m.m. 3 frå Dovre deltok.



## **Samarbeid med andre**

- Babysang er eit samarbeid med flyktingtenesta.
- Barn og unge frå Dovre som er på leir blir sponsa av Søndagskulen:
  - 13 på Amigos leir - barneleir på Kirketeigen (Normisjon/Acta)
  - 3 på ungdomsleir TFB (try it, feel it, be it) på Kirketeigen (Normisjon/Acta)
  - 10 på Ferieslutt-leir i august på Kirketeigen (Normisjon/Acta)
  - 1 på Sprell-levende leir på Kirketeigen (Normisjon/acta)
  - 3 ungdommer på Krik explore på Lillehammer i romjula (KRIK)
- Medvandrargruppe 27. oktober: Tilbud for unge leiatar i samarbeid med Acta Normisjon. Diakon Inger Gravem hadde samlingane lokalt. 2 deltok.


## **Samarbeid mellom kyrkja og barnehage/skule**

- Det er inngått samarbeidsavtale mellom kommunen og kyrkja om skulegudstenester, besøk, kontakt og pilegrimsvandring for 5.-7 trinn kvart tredje år.
- Eldste gruppe frå både barnehager var på besøk i si kyrkja før påske. Prest, organist og diakon hadde tema påske med bruk av påskeduken.
- 3. trinn på besøk i si kyrkje. Kyrkjetenar fortalte om kyrkjebygget, fokus på symbol. 16 elever i Dombås kyrkje 31. mai og 5 elever i Dovre kyrkje 30. mai.
- Pinsegudsteneste for Dovre barneskule 1. juni.
- Adventsamling med både barnehagene ved prest og diakon.
- Tre skulegudstenester før jul: Dovre barnehage og Dovre barneskule i Dovre kyrkje, med Dombås barneskule og Dombås barnehage sammen og Dovre u-skule i Dombås kyrkje. Organist hadde øving med Dovre skule i forkant og kontakt med øvrige om salmer.
- Organist hadde sangstund med barnehagene på vårhalvåret i kyrkja.
- Diakon hadde fire sangstunder i Dovre barnehage.
- 5 elever frå 8. klasse var med kyrkjetenar i samband med yrkesveiledning.

## Diakoni

Diakonien skal være ein naturleg del av det totale kyrkjelege arbeidet. Mange i kyrkjelydane våre har også i år gjort mykje godt diakonalt arbeid gjennom å vise omsorg for sine medmenneske på ulike måtar.

- Kyrkjekaffe etter gudstenestene er eksempel på eit ynskje om å styrke det sosiale fellesskapet og gje høve for nye til å få kontakt og bli inkludert i eit fellesskap.
- Konfirmantane deltok i Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon rett før påske.
- Kyrkjelydane støttar misjonsprosjektet «Ein betre skuledag» i Nepal via Himalpartner, bl.a. ofring på Tollevshaugsmessa og misjonsbasaren.
- Den internasjonale kvinnebønedagen markert i Dombås kyrkje med ei gudsteneste med liturgi og opplegg frå kvinner på Filipinane.



- **"Det gode måltidet"** - integreringstiltak.  
4 samlingar (5. september, 3. oktober, 7. november, 5. desember). Om lag 30 personer er med kvar gong. Interkommunalt samarbeid Dovre og Lesja, kommunens flyktingsteneste, kyrkjelege råd og Frivillighetssentralen. Mat frå ulike land, samtaler, avislesing og spel.
- Samling i Dovre barnehage 27. januar med opplegg om Nepal i høve FORUT-aksjonen.
- Misjonsbasar på Klukkarhaugen etter kyndelsmesse i Dovre kyrkje 2. februar.

## Diakonen sitt arbeid

- Diakonen skal ha særskilt fokus på barn og unge. Kyrkjas arbeid mot unge er primært trusopplæring og diakonen er derfor med på dette.
- Hatt ansvar for fleire og vore med på dei fleste trusopplæringstiltaka (tårnagent, skulestart, dåpsjubileum, fra jord til bord), konfirmantsamlingar og reunion for fjarårets konfirmantar, deltatt på konfirmantleir, USB (ungdomssamling på Dombås) og førjulskveld på Otta. Er med i arbeidsgruppa for konfirmantleir og USB.
- Saman med diakonen i Sel hatt ansvar for konfirmantsamling på Otta med tema diakoni.
- Babysang på biblioteket i hausthalvåret.
- Har hatt 4 sangsamlinger i Dovre barnehage samt ei samling om Nepal og Forut-aksjonen.
- Hadde ei andakt i april på Fredheim, deltatt på 10 gudstenester, hadde ansvaret for gudstenesta på kvinnebønnedagen.
- Om lag 60 besøk hjå familier/barn.
- Samarbeid og kontakt med bl.a barnevernet.
- Saman med diakoniutvalget arrangert "Det gode måltidet".
- Leiar på Ferieslutt-leir i august.

## Konsertar og andre kulturarrangement

### Konsertar/kulturarrangement med DKR som arrangør:

	2017			2016			2015		
	antall	personar	snitt						
Konsertar	3	400	133	5	435	87	7	815	116
Foredrag/utstilling	2	95	48	2	65	33	4	250	63

- Konsert med folkemusikk og klassisk i Dovre kyrkje 16. september**

- Initiert av Johannes T. Brualøkken og Aaslaug Sole Norgengen.
- Medverkande: Jon Faukstad, Ingeborg Dalheim, Arild Plassen, Gunn Brøndbo, Jørgen Brandli og Per Anders Håvelsrud. 210 til stades.



Utøvere



Initiativtaker og sponsorer

- Slavar av pulsklokka – Nåden i eit nå delaust samfunn**

Ei scenisk samtale mellom Tor-Johan Ekeland og Jan Inge Sørbø i Lesja kulturhus 13. oktober. Musikk ved Lesja og Lesjaskog sangkor. 70 til stades  
Reformasjonsmarkering i samarbeid med Lesja kyrkjelege råd.



- Pilegrimsdager på Dovrefjell 11. – 16. juli**

Arrangement i samarbeid med Pilegrimsutvalget i Oppdal og Pilegrimssenter Dovrefjell. Årets tema var livsvandring, og spesielt Arne Garborg og hans livsvandring.

Tysdag 11. juli: Konsert i Dovre kyrkje med "Sol i skuggeland". 120 til stades.

Fredag 14. juli: Konsert i Eysteinkyrkja "Haugtussa" av Arne Garborg, musikk av Edvard Grieg. Lise Granden Berg, sopran, og Bernhard Greter, klaver. Jan Inge Sørbø innleia. 70 tilstades.

Laurdag 15. juli: Familievandring til Eysteinkyrkja ved Hans-Jacob Dahl. 20 deltok.

Laurdag 15. juli: Foredrag i Eysteinkyrkja "Fra bleike myr til alveland – en livsreise" ved Jan Inge Sørbø. Musikk Hubertus Huijs. 25 til stades.

Søndag 16. juli: Gudsteneste i Eysteinkyrkja med biskop Solveig Fiske og Hans-Jacob Dahl. Kantor Jørgen Brandli. Ingeborg Dalheim solist. 50 deltok.

Dagsvandringer: Vollheim-Budsjord. Budsjord-Fokstugu. Fokstugu-Dovregubbens hall. Dovregubbens hall-Hjerkinn.  
Arrangementer i Oppdal fram til 21. juli.



Sol i skuggeland i Dovre kyrkje



"Haugtussa" i Eysteinkyrkja



Gudsteneste i Eysteinkyrkja  
v/biskop Solveig Fiske og Hans-Jacob Dahl



Langvandraran

## Andre kyrkjelydsaktivitetar

- **Medarbeiderkveld** 18. april i tilknytning til kyrkjelydsmøtet. Kvelden starta med orgelkrus i Dovre kyrkje, deretter måltid og møte på Toftemo turiststasjon.
- **Konfirmantjubileum** 27. august med gudsteneste i Dombås/Dovre kyrkje og felles middag og samvær på Toftemo turiststasjon.  
Jubilantar Dombås: 10 - 10 - 0 (50, 60, 70 år)  
Jubilantar Dovre: 9 - 11 - 7 (50, 60, 70 år)
- **Kyrkjekaffe**
  - Ved vertskapet på Hjellsetra i april.
  - Ved eigarar/vertskap på Tollevshaugen etter setermessa i juli.
  - Etter hausifikfest ved Dovre bygdekvinnelag og gardane rundt Dombåshaugen.
  - Allehelgensdag ved sanitetsforeninga og "Piker, hviin og sang".
  - Enkel kyrkjekaffe i kyrkja etter dei fleste gudstenestene. Arrangementkomiteen har ordna kake ved fleire trusopplæringstiltak.

## KYRKJER OG KYRKJEGARDER

### Tiltak på kyrkjebygg og anlegg

- Dovre kyrkje, servicebygg og kyrkjegard
  - Isolert under søyler til orgelgalleri.
  - Kartlegging og dokumentasjon av verneverdige gravminner på Dovre kyrkjegard ved Helge Klingberg (tidlegare kyrkjegardskonsulent i KUD), kyrkjeverge og kyrkjetenar.
  - Beisa det nye gravminnestativet og driftsbygget.
  - Montert ny og større varmtvannsbereder i personalbygget/bårehuset.
- Dombås kyrkje, servicebygg og kyrkjegard
  - Renovering: Isolert over hovedinngang. Måla veggar og tak i prestesakristi og galleri. Ny ytterdør med samme utsjånad som før og med elektrisk døråpnar.
- Eysteinkyrkja og uteområde
  - Montert overspenningsvern.
  - Grusa framfor inngangsdør og vegen opp. Ordna vatn til både vannpostene.
- Anna
  - Dovre og Dombås kyrkje hadde rosa flomljos i oktober - kreftforeningens aksjon.
  - Våronn-dugnad på både kyrkjegardane.



*Bruk knappen!*

- Skifta teleslynge.
- Ordna kjellaren i driftsbygget: Ny belysning, el-kontakter, reoler.
- Beisa utebenkar.



*Smaker med kaffe på dugnad ☺*

### Ope kyrkjer

Formålet er å gje vegfarande, pilegrimar og lokale høve til å komme inn i kyrkjene for å ha ei stille stund, tenne ljos, be ei bøn,- samt vise fram og fortelje om dei tre vakre kyrkjene våre.

Alle tre kyrkjene var ope i fleire veker, også Dovre i fleire veker og med skilting frå E6.  
Alle tre kyrkjene hadde fleire besökande i år enn i 2016.

Informasjon om opningstider og gudstenester om sumaren var sendt til reiselivet i Dovre.  
Kyrkjene er også registrert på nettsida [www.kirkesok.no](http://www.kirkesok.no)

I Dombås kyrkje var det tilsett to ungdommer som guider, med god økonomisk støtte fra næringslivet og kommunen, samt friviljuge i helgene. Friviljuge kyrkjevakter i Dovre kyrkje og Eysteinkyrkja.

Dovre kyrkje	1.-30. juli	dagleg kl. 10 - kl. 15	29 dagar
Dombås kyrkje	24. juni - 6. august	dagleg kl. 10 - kl. 15	43 dagar
Eysteinkyrkja	24. juni - 6. august	dagleg kl. 11 - kl. 16	38 dagar
	19. juni – 31. august	dagleg kl. 16 – kl. 21	74 dagar
samtidig med tiderbønn kl. 20.30 ved pilegrimsenteret			

	2017		2016	
	besøkande	snitt pr. dag	besøkande	snitt pr. dag
Dovre kyrkje	593	29	173	13
Dombås kyrkje	4747	110	4489	112
Eysteinkyrkja, kl. 11-16	1686	38	1578	36
Eysteinkyrkja, kl. 16-21	3307	45	633	

I Eysteinkyrkja var det registrert at 962 kom gåande av dei 4993 besøkande.

Besøk i Dovre kyrkje: 12 elever fra smedlinja, 16 elever fra trelinja på Hjerleid, samt 10 pilegrimsvandrere fra Bastøy fengsel.

*Tusen takk til alle friviljuge kyrkjevakter som brukte ein eller fleire dagar i kyrkjene! Takk til næringslivet i Dombås og kommunen for god støtte!*

### Utlån/utleige av kyrkjer

Samarbeidsavtale med Pilegrimssenter Dovrefjell om bruk av Eysteinkyrkja.

Grupper i Eysteinkyrkja: Stjørdal u-ledersamling 17.6, Sunndal pensjonistforening 24.8, Tynset kyrkjelyd 7.9 og HV v/prest Endal 5. og 24.10.

Kyrkene var leigd ut til 5 konserter:

- Dombås kyrkje 11.2: Konsert med Maria Arredondo og Torstein Sødahl.
- Dombås kyrkje 23.4: Konsert med Didrik Solli Tangen med musikar.
- Dovre kyrkje 4. oktober: Konsert ved Gudbrandsdal musikkfest.
- Dombås kyrkje 3. 12: Innunder jul med Anne Vada, Sigmund Groven, Ivar Kleive m.fl.
- Dombås kyrkje 21.12: Førjulstoner ved Dombås musikkforening.

*Hjertereg takk til alle - som på ein eller annan måte - har deltatt og bidratt i 2017!*

## ØKONOMI

### Om regnskapet

Regnskapet er ført i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning for kyrkjeleg fellesråd. Det er ført av Dovre kommunes økonomikontor og revidert av Innlandet Revisjon.

Driftsinntektene var kr 5.481.568 (inkl. renter) og driftsutgiftene kr 4.943.223, slik at netto driftsresultat vart kr 538.345. Kommunalt driftstilskudd utgjer kr 3.340.000 samt kalkulatoriske inntekter/utgifter på kr 120.000 i samsvar med tenesteytingsavtale mellom kommunen og kyrkja (føring av regnskap og lønn, kontor/lokaler).

Forhold som har medverka til årets overskudd:

- Tilbakeført overskudd KLP.
- Vakans i stilling (60 % fra 1. september).
- Noko lågare lønnutgifter enn budsjettert, bl.a. lågare %-vis pensjonsutgifter.
- Festeavgiftene vart høgare enn budsjettert.
- Økonomiprosessen gjorde at "bremsene var på" i heile organisasjonen og gjorde også at det var manglande tid og ressursar til å følgje opp innkjøp og vedlikehald.

Etter netto avsetning til fond (kr 357.958), overføring til investeringsregnskapet (kr 114.027), bruk og avsetning av mindreforbruk frå 2016 (kr 232.059, netto lik null), er driftsregnskapet i 2017 avslutta med eit mindreforbruk (regnskapsmessig overskudd) på kr 66.360.

Det er gjort investeringar på 1,36 millioner kroner i 2017, som er finansiert med kommunalt tilskudd, bruk av orgelfondet, overføring frå driftsregnskapet og momsrefusjon. Ved årsskifte står det att kommunalt løvvde investeringsmidler til DKR på kr 81.258 til kyrkjebygg.

Dispositionsfondet er ved årets utgang kr 665.765. Fondet utgjer ein viktig buffer med tankje på dei økonomiske utfordringane Dovre kyrkjelege råd står overfor.

Nedanfor ei oppsummering av investering, drift og balanse. Moms/momsrefusjon er ikkje med. Den som ynskjer å få heile regnskapet, kan kontakte kyrkjeverja.

### Investeringar

Kostnader		Finansiering
Nytt orgel Dombås kyrkje	1.238.153	Kommunalt tilskudd 686.000. Orgelfond 551.653.
Renovering Dombås kyrkje	111.369	Overføring fra drift 105.788. Mva-ref. 9.581.
Egenkapital KLP	15.423	Overføring fra driftsregnskap 15.423

### Driftsregnskap

Regnskap-17 Budsjett-17 Regnskap-16 Regnskap-15

Finansposter/avslutning	158 976	-5 000	232 344	98 300
Avsetninger til bundne fond	4 867		5 648	6 834
Overf. til invest.regnskapet	15 423	15 000	15 009	9 686
Renteinntekter	-26 278	-20 000	-20 372	-35 915
Overf. til invest.regnskapet	98 604			
Regnskapsmessig overskudd	66 360		232 059	117 695

<b>Felles inntekter</b>	<b>-3 389 944</b>	<b>-3 340 000</b>	<b>-3 476 647</b>	<b>-3 433 073</b>
Driftstilskudd fra kommunen	-3 340 000	-3 340 000	-3 450 000	-3 350 000
Tilbakeført overskudd KLP	-49 944	0	-26 647	-83 073
<b>Kyrkjelege administrasjon</b>	<b>1 127 018</b>	<b>1 196 500</b>	<b>1 145 600</b>	<b>1 146 862</b>
Lønnsutgifter m/ ref. og ov.føring	832 524	866 000	845 445	770 021
Kontorutgifter (matr., tlf., porto)	56 523	85 200	56 170	89 028
Div.fellesutgifter (kurs, møte mm)	28 732	41 000	31 908	76 050
Revisjon	17 500	17 300	17 000	16 500
Lisenser, service	108 293	101 000	65 220	76 617
Udstyr, inventar, maskiner	23 428	5 000	15 353	
Godtgjørelse folkevalgte	42 508	71 000	86 839	53 636
Andre rådsutgifter	17 511	10 000	27 665	20 761
Soknerådsvalg	0			44 249
<b>Kyrkjer</b>	<b>1 375 259</b>	<b>1 476 300</b>	<b>1 477 882</b>	<b>1 532 621</b>
Lønnsutgifter m/ ref. og ov.føring	946 256	1 141 000	1 031 852	1 024 903
Strøm	138 789	121 200	210 442	156 933
Forsikring, bygg og anlegg	112 251	114 000	107 885	101 055
Andre driftsutgifter	65 717	52 100	55 130	64 328
Kjøp av tenester	37 671		10 210	
Inventar og utstyr	13 380		17 646	110 319
Serviceavtaler	61 890	63 000	57 536	170 783
Vedlikehold	33 806		36 185	
Avsetninger til bundne fond	15 072		11 384	2 784
Salg, brukerbetaling, husleie	-40 850	-10 000	-41 500	-19 400
Gaver, offer, tilskudd	-8 722	-5 000	-11 384	-2 384
Bruk av fond			-7 504	-76 700
<b>Kyrkjegarder</b>	<b>454 559</b>	<b>388 200</b>	<b>401 278</b>	<b>408 541</b>
Lønnsutgifter m/ref. og ov.føring	367 685	435 500	411 289	370 267
Strøm	30 679	29 000	41 895	35 492
Kommunale avgifter	42 135	34 600	46 173	36 915
Opp tak graver	34 925	42 300	53 950	29 250
Vedlikehald	35 958	40 800	220 456	24 593
Andre driftsutgifter	49 143	32 000	34 015	43 331
Inventar, utstyr, maskiner	7 490	4 000	21 901	44 394
Avsetninger til disp.fond	200 000			0
Brukerbetaling	-4 000	-5 000	-7 000	0
Festeavgift	-258 775	-175 000	-275 880	-144 100
Gravstell, netto inntekt	-50 680	-50 000	-52 920	-31 601
Bruk av bundne fond			-92 601	

<b>Anna kyrkjeleg verksemd</b>	<b>274 130</b>	<b>284 000</b>	<b>219 542</b>	<b>246 752</b>
<b>Sokneråd (kyrkjekaffe m.m.)</b>	<b>13 435</b>	<b>19 000</b>	<b>7 801</b>	<b>32 341</b>
<b>Trusopplæring</b>	<b>8 514</b>	<b>50 000</b>	<b>25 411</b>	<b>16 202</b>
Lønn, godtgjørelser, kurs	168 443	136 000	124 046	83 117
Materiell, mat m.m.	13 397	46 000	47 032	61 773
Støtte til leir/festival/USB	32 900	35 000	38 700	52 852
Avsetning bundne fond	4 381			
Tilskudd, offer	-4 381	-5 000	-2 367	-2 900
Tilskudd fra staten	-206 226	-162 000	-182 000	-178 640
<b>Diakoni</b>	<b>201 961</b>	<b>190 000</b>	<b>171 556</b>	<b>173 472</b>
Lønn, godtgjørelser, kurs	198 463	190 000	177 077	174 291
Arr.utgifter	8 918	4 000	12 554	7 561
Avsetning til fond	4 837			
Bukerbetaling, offer, tilskudd	-10 257	-4 000	-18 075	-8 380
<b>Kyrkjemusikk</b>	<b>9 821</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-21</b>
Konsertutgifter	9 766	33 000	21 219	42 031
Avsetning til fond	49 035	0	5 622	40 308
Billettinntekter	-45 385	-30 000	-22 670	-80 750
Tilskudd, offer	-3 595	-3 000	-4 171	-1 610
<b>Pilegrimsarbeid</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Adm.utgifter	19 033	27 000	60 958	43 421
Annonser, informasjonsutg. mv	11 736	47 000	26 365	26 659
Arr.utgifter	64 136	83 500	75 062	91 372
Avsetning bundne fond	17 001			
Bruk av bundne fond	0		-28 485	-12 351
Billettinntekter, salg	-26 905	-57 500	-43 900	-29 100
Tilskudd	-85 000	-100 000	-90 000	-120 000
<b>Sommeråpne kyrkjer</b>	<b>2 619</b>	<b>0</b>	<b>6 979</b>	<b>11 956</b>
Lønnsutgifter	29 924	18 000	42 041	38 787
Andre utgifter	3 340	6 000	742	1 657
Avsetning bundne fond	16 556			
Tilskudd, salg, gaver	-47 202	-24 000	-35 804	-28 488
<b>Kyrkjeblad for Dovre</b>	<b>37 780</b>	<b>25 000</b>	<b>7 795</b>	<b>12 801</b>
Produksjon og utsending	75 181	105 000	98 394	92 076
Annonseinntekter mv		-50 000	-53 600	-49 900
Tilskudd, gaver	-37 401	-30 000	-36 999	-29 375

**Balanse**

pr. 31.12.2017 pr. 31.12.2016

<b>Investeringsfond</b>	<b>1 613 938</b>	<b>2 073 348</b>
Nytt orgel Dombås	1 607 036	2 066 446
Rest. trapp Dovre	6 902	6 902
<b>Dispositionsfond</b>	<b>965 765</b>	<b>533 706</b>
Dispositionsfond	665 765	433 706
Nytt orgel Dombås	100 000	100 000
Kyrkjegardsmaskin	200 000	0
<b>Bundne driftsfond</b>	<b>856 756</b>	<b>696 797</b>
Kyrkjefond Dovre	44 591	38 814
Kyrkjefond Dombås	107 179	106 911
Eysteinkyrkjefondet	74 263	53 689
Rest. port og trapp Dovre	161 140	159 193
Kyrkjegardsfond	21 346	18 321
Dåpsopplæring	36 377	29 996
Søndagskolen	28 569	26 247
Konfirmantarbeid i prostiet	43 040	44 677
Minnegave Juniorklubben	35 524	35 095
Diakoni	23 029	18 192
Kyrkjemusikk	77 079	73 484
Konsertar Dovre	45 440	0
Pilegrimsarbeid	86 879	69 878
Rådsstruktur	22 300	22 300
Prostiprosjekt	50 000	0

Dovre, 9. februar 2018

  
Elin Marit Andgard  
dagleg leiar / kyrkjeverje